

## Kyrkjedugnad torsdag ettermiddag

26.05.2009



Grønska på gjerdet rundt kyrkjegarden og kyrkja skal fjernast på torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag ettermiddag klokka 17 blir det kyrkjedugnad meldar leiari i soknerådet Audun Eik.  
Denne gongen er det gjerdet som treng ein innsats fordi det har vorte mykje grønske på det.  
Gjerdet må vaskast og det er truleg naudsynt med litt vasking også av sjølve kyrkja.**



Til hausten skal noko gjeraast med partiet mellom dei to øverste taka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er fint om dignadsgjengen kan stilla opp med kostar og hageslangar.

Det hadde vore ønskjeleg også med litt måling av gjerdet men dette vil soknerådet sjå litt an, opplyser leiaren.

- Og så går det rykte om råte og kanskje fåre for lekkasje i kyrkja...

- Det er rett og slikt må sjølvagt førebyggjast.

Det er råte i nokre stutte fjøler mellom to tak på den sida av kyrkja som vender mot Rabben.

Skifting her er ikkje soknerådets sitt ansvar, det kjem inn under fellesrådet og vi har forlengst meldt inn saka dit.

Kyrkjeverja har meldt attende at det vil skje ein reparasjon til hausten og det er vi svært glade for, seier Audun Eik.

Men ha legg til:

- Også på den tilsvarande, andre sida av kyrkja er det slitne fjøler. Også her skulle det vore gjort noko, i alle fall måla. Heile kyrkja skulle ha vore rusta skikkeleg opp.

Eg vågar å slå fast at kyrkja vår no er den offentlege bygnaden i bygda som er prega av det dårligaste vedlikehaldet, seier soknerådsleiaren.

Han klandrar ikkje kyrkjeverja og fellesrådet for at det er slik, det er politikarane som set dei ytterst tronge råmiane.

Av Ola Matti Mathisen